

Arnfinn Kjelland

**Mikrohistorie:
«gammal og sur vin i nymåla krukker»
– eller ei teoretisk nyorientering i
historiefaget?**



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

Forfattar	Arnfinn Kjelland
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Arnfinn Kjelland er førsteamanuensis ved Historisk institutt, Avdeling for samfunnsfag og historie ved Høgskulen i Volda. Han har omfattande røymsler med lokalhistorisk arbeid, og har m.a. publisert Bygdebok for Lesja i fire band 1987–2008 (utgjevar Lesja kommune), redigert og vore delforfattar for Bygdabok for Lom i fire band (2000–2007), redigert Sula-Soga i seks band (2002–2008) og Busetnadssoga for Volda førebels i tre band (2005–2007). Han har òg skrive artiklar og bokmeldingar i vitskaplege og populærfaglege tidsskrift.
E-post: ak@hivolda.no
Heimeside: <http://www.hivolda.no/index.php?ID=12051>

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføre mål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Innhald

1	Forord	4
2	Kva er mikrohistorie?	5
2.1	Bakgrunn – internasjonalt (den «nye kulturhistoria»)	5
2.2	Carlo Ginzburg og den fortolkande retninga innan mikrohistoria	7
2.3	Den antropologisk inspirerte mikrohistoria: fokus på sosiale relasjonar	8
2.4	Avgrensingar, skala og analyse	8
3	Mikrohistorie i Noreg	9
3.1	Ullensaker- og Kristiania-prosjekta	10
3.2	Tidlege norske reaksjonar på mikrohistoria	10
4	Det mikrohistoriske teorigrunnlaget	11
4.1	Kva er ein teori i historiefaget?	11
4.2	Metodologisk individualisme – kollektivism	12
4.3	Den språklege vendinga i historiefaget og mikrohistoria	12
4.4	Nivå og perspektiv	13
4.5	«Thick description»; kompakt eller tett skildring av kulturfenomen	14
4.6	Om representativitet og generalisering i mikrohistoria	14
4.7	Det «normale unntaket»	16
4.8	Singularisasjon	16
4.9	Forsøk på oppsummering	17
5	Avslutning	18
5.1	Mikrohistorie og norsk lokalhistorie	18
5.2	Kvifor orientere seg i denne teoridebatten?	19
6	Referert litteratur	20

1 Forord

Dette notatet er ein redigert versjon av eit utkast til essay for PhD-kurs i vitskapsteori i regi av Vestnorsk nettverk, arrangert av Senter for vitskapsteori, Universitetet i Bergen, 2007–08.

Utkastet vart ikkje slutført og er dermed heller ikkje godkjent som eksamensinnlevering i vitskapsteori for dette kurset.

Eg legg det likevel ut som notat i HVO sin interne publikasjonsserie i von om at det kan vere til hjelp for dei som er interessert i den mikrohistoriske tilnærminga. Det gjeld særleg studentar og medarbeidarar i det strategiske høgskuleprosjektet *Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder* (<http://www.hivolda.no/shp-kultur>) knytt til Høgskulen i Volda frå 1.1.2008.

Volda, 4.3.2009
Arnfinn Kjelland

2 Kva er mikrohistorie?

Mikrohistorie er nemninga på noko som helst kan kallast ei *tilnærming* til historisk forskning som ikkje har vore mykje bruk i Noreg, men som har fått ein del merksemd internasjonalt.

Den Store Danske Encyklopædi bd 13 (utg. 1999) har denne definisjonen av fagfeltet: «form for historieforskning, der forsøger at tage udgangspunkt i meget små enheder så som tilsyneladende betydningsløse enkeltindivider, institutioner, byer eller landsbyer for derigjennom at afdække historiske mønstre og processer af mere omfattende rækkevidde». ¹ Eg nyttar i dette arbeidet nemninga mikrohistorie i denne tydinga, som i alle fall til ein viss grad er avvikande frå den tydinga som til dels har vore bruk i norsk historieskriving. ²

Kåre Lunden skreiv i 1989: «Spørsmålet er om den teorilaging som finst i 'lita historie' o.l. representerer noko verkeleg nytt, eller *kan* representere noko nytt. Eller om det heller kan vere nokså gammal og sur vin i nymåla krukker». Omtalen galdt det han definerte som «postmoderne» historieskriving, «*la petite histoire*», «'kvardagshistorie', visse slags mentalitets- og kvinne-historie». ³ Sjølv om Lunden ikkje uttrykkjeleg nytta omgrepet mikrohistorie, er det neppe grunn til å tru han ikkje ville inkludert det i kritikken.

Eg skal i dette arbeidet ta for meg nokre sider ved det fagteoretiske grunnlaget for denne tilnærminga til historiske problemstillingar. Det blir da nødvendig å gå noko inn på det som i nyare historiografi er kalla «den språklege vendinga» eller «ny kulturhistorie». ⁴

Det er likevel ikkje uproblematisk å forsøke å drøfte slike spørsmål utan nemneverdig empiri i form av historiske framstillingar bygd på norsk kjeldemateriale som eksplisitt utprøver ei slik tilnærming. Så langt eg har klart å finne ut er det ikkje skrive arbeid av noko omfang i Noreg der mikrohistoriske tilnærmingar i denne tydinga uttrykkjeleg er lagt til grunn. ⁵

Problemstillinga for framstillinga blir om Kåre Lundens 20 år gamle karakteristikkk av «teorilaginga i lita historie» er relevant for den mikrohistoriske tilnærminga slik ho kan oppfattast i dag. Eg vil trekke nokre liner i utviklinga av teorigrunnlaget for fagområdet frå 1980-åra til først på 2000-talet, men hovudvekta vil ligge på utgreiing og drøfting av stoda for tilnærminga slik ho ser ut til å ha utvikla seg fram mot seinare tid.

2.1 Bakgrunn – internasjonalt (den «nye kulturhistoria»)

Mikrohistorie er altså eit element i den utviklinga i historiefaget som både nasjonalt og internasjonalt har gått under nemninga «frå sosialhistorie til (nyare) kulturhistorie», jfr tittelen på Kaldal 2002a. Sosialhistoria voks fram frå 1950-talet i opposisjon til det historiefaget som den gong dominerte, med vekt på politisk og hendingsorientert nasjonalstatshistorie. Med sosialhistoria kom etter kvart som faget utvikla seg nye perspektiv inn: historie «nedanfrå», historia til forsømte grupper, levekår, samfunnshistorie som totalitet og store teoriar som skulle *årsaksforklare* det temaet ein studerte. Temaet kunne t.d. innpassast i t.d. «klassekampen, industrialiseringa, urbaniseringa eller moderniseringa». ⁶ Denne sosialhistoria var i stor grad også

¹ Sitert etter Harbsmeier 1999: 7.

² Særskilt Langholm 1974, men også andre i seinare tid, t.d. Myhre 1996: 28.

³ Lunden 1989: 40, utheving ved Lunden.

⁴ I denne samanhengen viser eg òg til den nyleg utjevne *Evaluering av norsk historiefaglig forskning*, Norges Forskningsråd 2008: 177, tilrådingane frå evalueringsutvalet: «større nysgjerrighet på nyere historiografiske ansatser internasjonalt», der mikrohistorie er nemnt som eitt av tre døme.

⁵ Eg ser da bort frå to mindre arbeid av Sølvi Sogner: 1994 og 2006 (med Jelle van Lottum). Ingar Kaldal har i telefon opplyst at han har forsøkt å bruke slike tilnærmingar på noko av det han har skrive, men hans tema og periode (moderne historie med utstrakt bruk av munnlege kjelder) ligg såpass langt frå mitt eige faglege tyngdepunkt at eg i denne samanhengen ikkje har gått inn på det.

⁶ Kaldal 2002: 12.

ei «strukturhistorie», som «fokuserte på kollektivfenomen, massehandling, overindividuelle prosesser og forholdsvis varige tilstander».⁷

Førebilda kan nok i betydeleg rad seiast å ha vore natur- og samfunnsvitskapar, særleg fag som økonomi og demografi, altså med søking etter sikrare og sikrare («objektive») årsaksforklaringar. Den kjente franske Annales-historikaren Emmanuel Le Roy Ladurie spådde i 1968 at i 1980 ville historikaren anten vere ein programmerar eller ingenting.⁸ Den same Ladurie uttalte i 1973 at «historie som ikkje er kvantifiserbar kan ikkje reknast som vitskapleg».⁹

Kvantifiseringa gjekk både på økonomiske og sosiale variablar, og voks seg sterkare parallelt med utviklinga av datateknologien utover 1960- og 70-åra, særleg i USA og Frankrike.¹⁰

Fleire forfattarar framhever verket *The Making of the English Working Class* (1963) av Edward Thompson som eit landemerke i utviklinga av sosialhistoria. Islendingen Sigurður Gylfi Magnússon referer Jim Sharpe (1991) som påpeikte at Thompson i dette verket hadde innsett at det var nødvendig å forsøke å forstå menneska i fortida i lys av deira egne erfaringar og reaksjonar på desse erfaringane.¹¹ Også Georg Iggers påpeiker at Thompson stod for ei vending bort frå «scientific methods».¹² Det tok likevel tid før historikarane fann det forsvarleg å sette enkeltindividet i sentrum for merksemda; vanleg folk vart framleis lenge studert kollektivt som grupper.¹³

Men i 1970-åra voks det i fleire land fram motførestillingar mot denne forma for historieforskning og -skrivning. Det var kanskje innan ein nabodisiplin, sosialantropologien, dei nye trendane viste seg først. Dette faget hadde i perioden frå 1920- fram mot 1960-talet gjennomgått ei utvikling mot ein «naturvitskap om samfunn» som var nærast antihistorisk, men så reiste kravet om meir historisk djupne seg gradvis blant yngre forskarar; fagområdet historisk antropologi voks fram.¹⁴ Både innafør sosialantropologien og den historiske varianten voks elles kritikken av det etnosentriske grunnsynet faget hadde vore prega av, synet på visse samfunn som meir «primitive» enn andre.¹⁵

I 1966 skreiv Edv. Thompson ein avisartikkel med tittelen «History from Below», og denne tittelen vart etter kvart synonymt med eit eige fagområde, eller i det minste i eiga tilnærming til historiefaget generelt, særleg i dei engelskspråklege landa.¹⁶

I Tyskland var utviklinga noko forskjellig. Her sleit historiefaget med traume etter nazi-perioden,¹⁷ og opposisjonen mot den upersonlege, kvantifiserande sosialhistoria (*Gesellschaftsgeschichte*) utvikla seg først på 1980-talet til det som på norsk har vore kalla «kvardagshistorie» (*Alltagsgeschichte*). Så langt eg kan forstå kan denne tilnærminga delast i ein del som i alle fall til ein viss grad fell inn under mikrohistorieomgrepet slik eg nyttar det her,¹⁸ og ein del som kanskje i større grad liknar norsk fagleg lokalhistorieskriving. Det kan sjå ut til at den akademiske delen av retninga raskt fekk ein etter måten sterkare posisjon i det nasjonale tyske fagmiljøet enn det den tilsvarande rørsla i USA og England fekk.¹⁹

⁷ Kjeldstadli 1999: 84, jfr. òg Slettan 1996: 83f.

⁸ Her etter Knutsen 2002: 27.

⁹ Her etter Iggers 1997: 44.

¹⁰ Iggers 1997: 45.

¹¹ Magnússon 2006.

¹² Iggers 1997: 88.

¹³ Magnússon 2006.

¹⁴ Christiansen 2000: 122f. Jfr òg Kjeldstadli 1989.

¹⁵ Christiansen smst.

¹⁶ Sharpe 2001: 26.

¹⁷ Magnússon 2006.

¹⁸ Terjesen 1985. Han nyttar rett nok ikkje omgrepet, men koplar fagområdet i Tyskland til vendinga mot den «nye» kulturhistoria. Kaldal 1994: 41 nemner at ein sentral bidragsytar til den mikrohistoriske teoridebatten, den tyske historikaren Hans Medick, ikkje rekna seg som tilhøyrande Alltags-retninga.

¹⁹ M.a. Kaldal 1994: 98ff. S. 12 koplar han elles den populære varianten til «Grav där du står»-rørsla i Sverige.

Det ser likevel ut til at det var i Italia frå kring 1970 at fagområdet mikrohistorie slik eg nyttar omgrepet her voks fram. Så langt eg kan forstå var det i større grad knytt til nokre få italienske enkelthistorikarar: Carlo Ginzburg, Carlo Poni, Giovanni Levi og Edoardo Grendi. Sjølv om desse i utgangspunktet var marxistisk orienterte, mista dei etter kvart tiltrua til den makrohistoriske teorien om økonomisk vokster, som både marxistar og ikkje-marxistar hadde felles,²⁰ og utvikla eit nytt sosialhistorisk konsept basert på *tolking* og *forteljing* i liten skala.²¹

Ei bakgrunnskisse av fagområdet mikrohistorie må òg nemne den språklege vendinga i historiefaget og forteljinga sin plass (sjå nedafor). For mikrohistoriefeltet har den språklege vendinga langt eg kan forstå vore ei viktig inspirasjonskjelde.

2.2 Carlo Ginzburg og den fortolkande retninga innan mikrohistoria

Sentralt i utviklinga av fagområdet – ikkje berre i Italia – står den italienske historikaren Carlo Ginzburg. Boka hans (1976 /83) om ein italiensk møller på 1500-talet og dei ideane han hadde om korleis verda hang saman var i 1999 oversett til 13 språk.²²

Ginzburg har særleg hatt som målsetting å finne dei formene for «folkeleg» sjølvforståing og tolking av dei samtidige omgjevningane i tidleg nytid som kjeldeskaparane, det offentlege apparatet, ville undertrykke:²³ «verden, som den subjektivt sett tog seg ut for de historiske aktører». Dermed har sjølve språket og språkføringa (det semantiske), m.a. i kjeldene, stått i fokus i denne retninga, i alle fall i den tidlege fasen, 1970- og 80-åra. Den italienske retninga har dessutan unngått bruk av fagsjargong, særleg sosialvitskapleg. I den grad fagspråk er brukt i denne retninga, er det henta frå språkvitskap.²⁵

Ginzburg har påpeikt at det å kunne byggje opp og fortelje ei logisk historie bygd på *kjelder* (leivningar, «spor») er ei evne som må vere urgammal, attende til jeger- og sankarsamfunnet. Da var det heilt livsnødvendig for jegerane å kunne:

«rekonstruere det usynlige byttes form og bevægelser ud fra det aftryk i mudder, knækkede grene, ekskrementkugle, hårtotter, tabde fjer, lugte som var blevet hængende i luften. De lærte at oppspore, at registrere, fortolke og klassificere uendelig små spor som f.eks. spytråde. De lærte at foretage komplekse mentale operationer med lynets hast, i et tæt buskads eller en farefuld lysning. Generationer efter generationer af jægere berigede og videreførte denne skat af viden».²⁶

Denne vidareføringa av erfaringsbasert kunnskap frå generasjon til generasjon, frå «tilsynelatende ubetydelige data til en kompleks realitet som ikke kan erfares direkte»²⁷ skjedde sjølv sagt *munleg*, i form av *å bli fortald*. Jegeren kan iflg. Ginzburg altså ha vore den første til å fortelje ei historie.²⁸

Den italienske retninga i mikrohistoria har hatt ein tendens til å fokusere på avvikarane heller enn den typiske aktøren. I staden djupgranskar dei individ som ikkje følgjer «den gyldne middelvei». Termen «det normale unntaket» er brukt om dei som i ein del av fortidssamfunnet vart sett på som «unormale» eller til og med farlege (sjå òg pkt 4.7). I andre grupper i det same samfunnet kan dei same individa bli sett på som føregangspersonar. Dei aller fleste tema mikrohistorikarar tar for seg har eit trekk felles: dei tiltrakk seg øvrigheitas merksemd og etablerte dermed arkivmateriale.

²⁰ Iggers 1997: 107.

²¹ Christiansen 2000: 172f.

²² Thing 1999: 7.

²³ Harbsmeier 1999: 12.

²⁴ Busck 1999: 60.

²⁵ Harbsmeier smst., Christiansen 2000: 174.

²⁶ Ginzburg 1999: 85.

²⁷ Ginzburg 1999: 86.

²⁸ Her kan det elles godt skytast inn at i jeger- og sankarsamfunnet var kunnskap og kunnskapsoverføring knytt til det andre, mindre dramatiske og helst kvinnelege ansvarsområdet; sanking av alt veksande som kunne inngå i næringsgrunnlaget, minst like viktig.

Det skal elles ha vore ei splitting innafor den italienske greina av fagområdet på 1990-talet, mellom ei meir «konservativ» retning som ikkje ville anna enn å reformere sosialhistoria og behalde «social science»-tilnærminga, og ei som ville dreie mikrohistoria meir i retning av det «kunstfagleg» («the work of art»). Det skal ha vore den sosialhistoriske greina som dominerte, i alle fall sist på 1990-talet.²⁹

2.3 Den antropologisk inspirerte mikrohistoria: fokus på sosiale relasjonar

Den tyske mikrohistorievarianten er meir inspirert av antropologiske samfunnsstudiar (community studies); ein grundig gjennomgang av heile (små) lokalsamfunn over til dels lange tidsrom heller enn enkeltaktørar, og er sterkt prega av fagomgrep frå historisk antropologi.³⁰ Også den tyske retninga har hatt eit sterkt fokus på dei omskriftelege tydingane av sentrale språklege omgrep i kjeldene frå periode til periode.³¹

David Warren Sabean og Hans Medick er nok dei fremste representantane for denne retninga.³² Sabeans studiar av landsbyen Neckarhausen frå sist på 1500-talet til kring 1900 i tre band (1984, 1990, 1998) er eit omfattande døme på denne sjangeren. Sabean tek i desse bøkene for seg ei lang rad emne knytt til denne vesle landsbyen med berre 150 innbyggjarar midt på 1600-talet: eigedomsforhold, jordbruksproduksjon, slektskap, historisk-demografisk utvikling osv.; emne som vanlegvis er studert på aggregert nivå innafor historiefaget. Hovudmålet er ved å kartlegge alle dei sosiale relasjonar individa inngår i, å finne kva desse relasjonane har betydd og korleis relasjonane og betydninga av dei endra seg over tid. Eit døme er forståinga av eigedomsomgrepet: som ein relasjon mellom *fleire* personar i høve t.d. eit jordstykke meir enn eit påstått forhold mellom *ein* person og jordstykket.³³

I Danmark vidareutvikla elles kulturforskaren Palle Ove Christiansen denne antropologisk inspirerte mikrohistoria ved å kombinere feltarbeid med grundige arkivstudiar slik mange norske lokalhistorikarar er fortrulege med i noko han sjølv har kalla antropologiske feltstudiar blant menneske i fortida.³⁴ Også Hans Henrik Appel (1999) har utført ei liknande analyse av eit sørjyllandsk herad på 1600-talet.

2.4 Avgrensingar, skala og analyse

Mikrohistorie handlar altså som regel, men ikkje alltid, om å utforske lokalt avgrensa og små arenaer, på liknande vis som i alle fall delar av norsk lokalhistorie gjer. Poenget med «mikro» slik det er brukt i denne tilnærminga går likevel meir på analysemetane (t.d. «tett» lesing av fleire lag i kjeldematerialet) og blikket eller perspektivet enn på den geografiske avgrensinga av studieemna, slik ein kan seie lokalhistorie i større grad gjer.³⁵ Her har t.d. Ingar Kaldal tilrådd å *desentrere blikket*, sjå pkt 4.4 nedafor.

Med analysemetane meiner ein m.a. det å sette det lokale inn i større samanhengar, og når ein gjer det på eit mikroplan eller med eit mikroblikk kan det vere lettare å sjå både kulturelle, sosiale, økonomiske og politiske tilhøve under eitt.³⁶

²⁹ Magnusson 2003: 236f. Cerutti 2004: 17f påpeiker at denne delinga skal gå heilt attende til framveksten av fagområdet på 1970-talet.

³⁰ Kjeldstadli 1989, Busck 1999: 51.

³¹ Kaldal 1994: 15

³² Christiansen 2000: 177ff. Jfr òg same s. 134 om rekonstruksjonsstudiane Alan Macfarlane utførte på engelsk materiale.

³³ Christiansen 2000: 181.

³⁴ Christiansen 2004: 24f og 135. Jfr òg koplinga til dei britiske rekonstruksjonsstudiane ved Alan Macfarlane, s. 134.

³⁵ Kaldal 2002a: 84. Jfr definisjonen av tilnærminga i pkt 1 framafør.

³⁶ Kaldal 1994: 42, 48.

3 Mikrohistorie i Noreg

Om det kan seiast å ha vore gjort større mikrohistoriske undersøkingar i samsvar med den internasjonale tilnærminga i Noreg er usikkert.³⁷

Edvard Bull d.y. i Trondheim var kanskje den første her til lands som argumenterte fagleg for mikrohistorie, i talen han heldt ved hundreårsjubileet for Den norske historiske foreining i 1970 (trykt i HT). Han nytta ikkje dei same omgrepa som i den nyare debatten, men det må vere grunn til å tillegge dei same meiningsinnhald. Det gjeld t.d. når Bull omtalar «imperialistisk historieskriving»,³⁸ som slik han legg det ut samsvarar med det som seinare har vore kalla *etnosentrisk* historieskriving. Han ønskjar seg òg «meir intenst studium av de små samfunnsenheter» og «fornyelse av den lokalhistoriske forskning i retning av sosiale mikrostudier»³⁹ – mikrohistorie. Bull utdjupa elles dette siste i eit seminarinnlegg året etter.⁴⁰

Dagfinn Slettan drøftar fagområdet i fleire variantar i den store artikkelen han skreiv i *Historisk tidsskrift* 1996 om sosialhistoria etter 1970. Her framhever han dr.gradsavhandlinga til Ingar Kaldal frå 1992 som langt på veg eit mikrohistorisk arbeid.⁴¹ Det same gjer han om Brynjulv Gjerdåkers dr. gradsavhandling frå 1991 der han konkluderer med at «vekten på det *usamtidige*, på forandring og stabilitet på same tid, viser hvordan mennesker innenfor endrede rammebetingelser aktivt skaper nye tilpassingsformer ved å utnytte erfaringer frå tradisjonelle livsmønstre».⁴²

Ingar Kaldal skreiv i 1994 boka *Alltagsgeschichte og mikrohistorie*. Dette ser for meg ut til å vere første gong denne nye, kulturhistoriske mikro-tilnærminga er utgreidd fagleg i Noreg i noko omfang. Same året skreiv elles Sølvi Sogner ein artikkel der ho òg gjorde greie for særleg den italienske varianten.⁴³ Både Kaldal og Sogner skriv om tilnærminga i positive vendingar.

Sølvi Sogner har også i nyare tid hatt eit bevisst forhold til fagområdet og publisert arbeid ho sjølv har definert som mikrohistorie i den tydinga eg nyttar omgrepet her.⁴⁴ Ho har som metafor – eigentleg ikkje ulik Ginzburgs urtidsjeger – samanlikna ein analyse på mikronivå med det å lage ein DNA-profil på grunnlag av eit hårstrå eller nokre hudavskrapingar; på liknande måte kan mikroanalysen «belyse og berike historiske sammenhenger på høyere nivå».⁴⁵

Utanom desse var Dagfinn Slettan og Håkon With Andersen, begge medarbeidarar til Edvard Bull i Trondheim, tidleg ute med positive synspunkt på den nye kulturhistoria, så langt eg kan sjå utan å nytte mikrohistorieomgrepet direkte.⁴⁶ Den særskilte interessa for denne faglege vendinga i ved Historisk institutt, Universitetet i Trondheim er òg påpeikt av Eivind Myhre.⁴⁷

Fleire norske historikarar har følgt opp, eller latt seg inspirerer av den nyare kulturhistoria og den språklege vendinga i større eller mindre grad i historiske framstillingar. Det ser likevel ut at det berre er sær få som *systematisk* har forsøkt å vidareutvikle og utnytte mulegheitene i eit *mikro-perspektiv* slik det er utvikla i den italienske og / eller tyske tradisjonen for tilnærminga.

³⁷ Ingar Kaldal opplyser i e-post til meg (17.1.2007) at han ikkje kjenner til slike.

³⁸ Bull 1970: 248.

³⁹ Bull 1970: 250f.

⁴⁰ Bull 1972, særleg s. 8ff.

⁴¹ Slettan 1996: 97. Ingar Kaldal: *Arbeid og miljø ved Follafoss tresliperi og Ranheim papirfabrikk 1920-1970*.

⁴² Slettan 1996: 87. Brynjulv Gjerdåker: *Kystsamfunn skifter ham : med hiter- og frøyværingar inn i den moderne tid*. Slettan nemner òg s. 89 at Edvard Bull (d.y.) hadde eit «mikrohistorisk program» med referanse til eit viktig foredrag Bull heldt ved jubileet til Den norske historiske foreining i 1970 (trykt i *Historisk tidsskrift* hefte 3, 1970). Bull «spådde og ønsket ... 'et meir intenst studium av de små samfunnsenheter'».

⁴³ Sogner 1994.

⁴⁴ van Lottum og Sogner 2006.

⁴⁵ van Lottum og Sogner 2006: 378.

⁴⁶ T.d. Slettan 1989, Andersen 1994.

⁴⁷ Myhre 1996: 29.

3.1 Ullensaker- og Kristiania-prosjekta

Sivert Langholm tok i bruk mikrohistorieomgrepet alt i 1974, i samband med ei utgreiing om «Ullensaker-undersøkelsen». Han definerte fagområdet som «historie på individnivå» og presiserte at dei forskjellige variablane (informasjonsbitar om fødsel, giftarmål, død og relasjonar) «kombineres på individnivå».⁴⁸

Likevel vart Ullensaker-undersøkinga kritisert på line med sosialhistoria generelt for å ha vore for struktur- og kvantitativt orientert i den norske debatten om den nye kulturhistoria på 1980- og 90-talet.⁴⁹ Langholm forsvarte seg med at både han, mange prosjektmedarbeidarar og t.d. Kåre Lunden både orienterte seg i og brukte antropologiske teoriar og metodar på 1970- og 80-talet.⁵⁰ Men målet var likevel noko anna: «meir å studere dei lokale og individuelle forholda som *eksempel* på større strukturelle samfunnsprosessar»⁵¹ (mi utheving). Det same gjeld nok annan bruk av antropologisk metode i norsk historieskriving, t.d. slik Lunden har gjort.

3.2 Tidlege norske reaksjonar på mikrohistoria

I Noreg ser det ut til at det var Odd-Bjørn Fure som først trekte fram dette nye fagområdet i form av ein kritisk artikkel om den tyske kvardagshistorievarianten i *Historisk tidsskrift* i 1984.⁵²

Fure aksepterer at fagområdet hadde didaktiske fordelar, men meinte målet for historisk forskning måtte vere samfunnshistorie. I lys av det meinte han at kvardagshistoria kunne medføre «dels korrigering og dels nødvendig supplement til to sentrale tendenser i sosialhistorisk forskning». Den eine er «rigid strukturalisme» og den andre «hovedvekten på sosiale indikatorer. Det sosiale landskap ... framstilt som en serie statistiske mønstre».⁵³

Men Fure refererer også vesentlege innvendingar mot fagområdet i Tyskland, det: «preges av en antianalytisk grunnstemning, teoriløshet, manglende kriterier for hva som er viktig og hva som er uvesentlig, manglende problematisering av representativitet og forbindelseslinjer mellom hverdagskulturen innenfor avgrensede geografiske enheter og overgripende strukturer». Fure sluttar seg til denne kritikken: «Det er ikke mulig å skrive samfunnshistorie på basis av denne tolkingsramme».⁵⁴

Einar Terjesen gjekk i 1985 i mot Fures påstand om at kvardagshistoria var teoriløs. Terjesen påpeikte at dei sentrale tyske kvardagshistorikarane var sær opptekne av forholdet mellom strukturar og aktørar, men at dei ikkje aksepterte at dette var ein einvegsprosess der aktørane var passive objekt i høve strukturane. Dei sette i menneskeleg handling, ikkje strukturar, som knutepunkt for historiske prosessar.⁵⁵

I 1989 kom så Kåre Lunden med sin kritikk av fagområdet, sjå framafor pkt 2.

⁴⁸ Langholm 1974: 246. «Ullensaker-undersøkelsen» var ein del av for forskingsprosjektet «Norsk samfunnsutvikling ca 1860–1900» ved Historisk institutt, Universitetet i Oslo frå 1971 som Langholm var leiari for, jfr Langholm 1976 og Langholm 1982: 83. Sjå òg Myhre 1996: 28.

⁴⁹ Terjesen 1986: 142. Slettan 1996: 83ff. Kaldal 2002a og (særleg) 2002b.

⁵⁰ Langholm 2000: 153ff.

⁵¹ Kaldal 2002a: 16.

⁵² Fure 1984.

⁵³ Fure 1984: 379f.

⁵⁴ Fure 1984.: 381.

⁵⁵ Terjesen 1985: 289, 292. Odd Bjørn Fure gav tilsvar til Terjesen i *Historisk tidsskrift* hf. 4/1986. Terjesen utdjupa elles desse synspunkta i eit innlegg på Norsk Historikerforenings seminar same året, publisert året etter (Terjesen 1986).

4 Det mikrohistoriske teorigrunnlaget

Det kom altså tidleg reaksjonar mot den mikrohistoriske tilnærminga. Også i Tyskland⁵⁶ og andre land var det som nemnt klart uttrykte motførestillingar, men nokre av desse vart modifisert gjennom 80- og første del av 90-talet.⁵⁷ Ingar Kaldal meiner elles påstandane om teorifiendtligeit og manglande vilje til analyse var generelle og lite presist adressert i høve den mikrohistoriske forskinga fram til først på 90-talet.⁵⁸

Kva går så teorigrunnlaget ut på? Utgangspunktet kan vere deira nøkkelargument *mot* dei vanlege sosialvitskaplege tilnærmingane: «such history deprived the past of its qualitative aspects and left it without a human face».⁵⁹ Fleire av dei som skriv om mikrohistoria legg vekt på at retninga avviser dei «store forteljingane» når dei blir forstått som teoriar som kan forklare heile den historiske utviklinga (t.d. marxismen og moderniseringsteori).⁶⁰ Det same gjeld t.d. overgangen frå eit tradisjonelt, statisk, førmoderne samfunn til det moderne, dynamiske samfunnet.⁶¹ Mikrohistorikarane legg stor vekt på *utviklingsperspektivet* og peiker på at det *ikkje* er rett å definere dei førmoderne samfunna som statiske.⁶²

Eg vil i dette avsnittet først gjere greie for kva vi vanlegvis forstår med teori innan historiefaget og nokre tilgrensande problemstillingar. Deretter vil eg ta for meg ein del sentrale element som er relevante for å forstå mikrohistoriefeltets teorigrunnlag. Her vil eg først sjå nokre meir allmenne trekk knytt til den nye kulturhistoria før eg tar for meg det eg meiner er viktigast for mikrohistoria: den antropologiske tolkande metoden «thick description» (etter Clifford Geertz), om representativitet og generalisering (fleire), «det normale unntaket» (etter Edoardo Grendi) og «singularisasjon» (etter Sigurður Gylfi Magnússon).

4.1 Kva er ein teori i historiefaget?

Historie er eit fag der teori og teoretiske drøftingar ikkje har hatt noka sentral stilling. Knut Kjeldstadli har som overskrift på eit av kapitla i metodelæreboke: «Trenger vi teorier?».⁶³

Nestor innanfor det historieteoretiske fagområdet i Noreg, Ottar Dahl, tar utgangspunkt i korleis erkjenning viser seg i form av språklege utsegner eller påstandar med referanse til objekt i ei eller anna form, og definerer slike utsegner eller påstandar som «teoriar», «hypotesar», «kunnskap», «fakta» eller «data». Desse kan sorterast etter mange forskjellige kjenneteikn; dei kan vere kognitive eller normative, skildrande eller forklarande, ha stort eller mindre omfang osv.⁶⁴

Dahl innfører ei gradering av utsegner i høve kor haldbare dei er eller gjer seg ut for å vere; «hypotesar» er meir usikre og førebelse enn «teoriar». Teoriar er etter vanleg språkbruk likevel meir omfattande, generelle og / eller samanfattande utsegner, evt. ein kombinasjon av mindre omfattande eller enkeltstående utsegner.⁶⁵

Ifølgje Knut Kjeldstadli har skiljet mellom samfunnsvitskapane og historiefaget vore uttrykt slik at historikarane *nyttar* allmenne teoriar, t.d. den om korleis kapitalismen har trengt igjennom i

⁵⁶ Grundig gjennomgått i Fure 1984, også drøfta i Terjesen 1985.

⁵⁷ Kaldal 1994: 98.

⁵⁸ Kaldal, smst.

⁵⁹ Iggers 1997: 116.

⁶⁰ Egholm 1999: 41, Kaldal 2002a: 8ff, Kjeldstadli 1999: 84f. og Magnússon 2003 og 2006.

⁶¹ Kaldal 2002a: 12f.

⁶² T.d. Sabean 1984, 1990, 1998.

⁶³ Kjeldstadli 1999: 131.

⁶⁴ Dahl 1986: 24.

⁶⁵ Dahl 1986 smst.

jordbruket, men dei *produserer* ikkje teoriar sjølve.⁶⁶ Men han påpeiker likevel at historiefaget òg produserer teoriar, t.d. Jens Arup Seips teori om embetsmannstaten.

Kjeldstadli har elles ei nyttig oppstilling av samanhengane mellom modell, hypotese og teori.⁶⁷ Modellen er ein påstand om *muleg* innbyrdes samheng mellom fenomen (men ikkje om korleis det verkeleg var). Hypotesen er korleis vi *trur* noko var (i samsvar med modellen eller ikkje) og teorien er ein hypotese som (førebels) har slått til, men som kan falsifiserast viss vi eller andre seinare vinn ny innsikt. Dette er i samsvar med Karl Poppers kriterium for at ein teori skal ha vitskapleg status.⁶⁸

Knut Helle reserverer teoriomgrepet for dei hypotesane som er «særleg omfattende, som sier noe om sammenhengen mellom historiske fenomener på et høyt generaliseringsnivå».⁶⁹

Med andre ord: historie har ikkje nokon samlande definisjon av kva teorigrunnlag faget bygger på.

4.2 Metodologisk individualisme – kollektivism

Dei samfunnsfaglege diskusjonane kring dei kunnskapsteoretiske omgrepa metodologisk individualisme og metodologisk kollektivism⁷⁰ kan kanskje vere til hjelp med å kaste lys over teorigrunnlaget også for mikrohistoria. Utgangspunktet er om forskinga er aktør- eller strukturorientert, men sambandet mellom desse og mellom mikro- og makronivåa har vore oppfatta som komplisert.⁷¹ Spørsmålet kan litt forenkla seiast å gjelde kva som kjem først, høna eller egget; dei sosiale / kollektive fenomena eller dei individuelle eller singulære, der nokre forskarar meiner sosiale fenomen må forklarast ut frå kva enkeltpersonar gjer. Andre meiner omvent, det enkeltindivid gjer kan forklarast ut frå lover som gjeld for heilskaplege sosiale fenomen.

Francis Sejersted tok i 1989 «et oppgjør med den metodologiske individualisme», der han peikte på at dei fleste individuelle handlingar «ikke [er] strategiske. Man handler ut fra de forventninger som omgivelsene stiller, det vil si ut fra internaliserte normer. Handlingene kan ofte anta en rituell form, man handler uten noen klar bevissthet om hensikt».⁷²

Ottar Dahl påpeiker i eit tilsvar til Sejersted at det å oppfatte forholdet mellom individualisme og kollektivism som eit enten–eller blir feil; dei er komplementære, det å granske eit kollektivt eller sosialt fenomen ved ei individuell eller singulær analyse er uproblematisk.⁷³

Sivert Langholm kommenterte alt i 1976 forholdet mellom sin mikrohistoriske metode (sjå pkt 3.1) og den metodologiske individualismen og avviser at det er nokon enkel logisk samheng mellom desse.⁷⁴

4.3 Den språklege vendinga i historiefaget og mikrohistoria

Dette er eit omfattande tema, og eg har ikkje som målsetting å greie ut anna enn dei elementa ved det som er særskilt relevant for mikrohistoria. Ifig. Ingar Kaldal handlar den språklege vendinga «om å sjå språket som grunnleggjande for skapinga (ikkje berre formidlinga) av betydningar og meningsinnhald».⁷⁵ Kaldal påpeiker at «betydningar og meningsinnhald» er noko som blir endra gjennom tolking og nytolking av det historiske kjeldematerialet. I lys av dette er det da naturleg å

⁶⁶ Kjeldstadli 1999: 107.

⁶⁷ Kjeldstadli 1999: 132.

⁶⁸ Popper 1953 / 1981: 24.

⁶⁹ Helle 1997: 29.

⁷⁰ Grimen 2004: kap. 9.

⁷¹ Grimen 2004: 265.

⁷² Sejersted 1989: 409.

⁷³ Dahl 1991/2004: 68.

⁷⁴ Langholm 1976: 13.

⁷⁵ Kaldal 2002a: 37.

la kjeldeomgrepet omfatte alle slags leivingar etter menneskeleg aktivitet. I denne samanhengen definerer ein så leivningane som «teikn», som ein så «les» som «tekst», der «tekst» står for ein måte å analysere leivningane på; at alt kan «lesast» på fleire måtar og gje ulike meiningar.⁷⁶

Fleire historikarar, m.a. også Kaldal, ser dette fenomenet i samheng med Hayden Whites kopling av læra om korleis språklege figurasjonar kan avgjere meningsinnhaldet i tekst (tropologi)⁷⁷ til historisk forskning. Iflg. den finske historikaren Matti Peltonen slår White med denne koplinga fast at i historieskrivinga er *forma* så viktig at ho fullstendig dominerer innhaldet, og at historiske forteljingar ikkje kan vere sanne eller falske, fordi dei er oppfunne av historikaren på same måte som skjønnlitteratur er skapt av forfattaren.⁷⁸

Også den danske historikaren Liv Egholm drøftar den meir generelle tendensen innafor den språklege vendinga. Ho meiner denne prosessen for historiefaget sin del har ført til ei problematisering av «det traditionelle historiske empiristiske korrespondensprinsipp mellom den historiske tekst og den fortid, den omtaler, samt korrespondensen mellom den historiske analyse og den fortidige virkelighet».⁷⁹

Egholm meiner mikrohistoriefeltet er ein måte historiefaget har forsøkt å takle desse problema på, m.a. fordi «at mikrohistoriens metodiske og teoretiske tilgang på sin vis er i stand til at anvende og inkorporere insigter fra den sproglige vending samtidig med at den bibeholder det aktive individ som omdreingsfaktor, som det ofte ses i den mere realistiske tilgang indenfor historiefaget».⁸⁰

Den danske historikaren Ole Bay peiker på ein fjerde generasjon i den franske Annales-skulen frå kring 1990, som i større grad har tatt omsyn nettopp til at historia kan vurderast på fleire skalaer, «hvor ren mikrohistorisk tilgang med vøgt på små sociale miljøer og de enkelte menneskers mulighed for at vælge forskellige strategier kombineres med undersøgelser i større skala».⁸¹

Eg skal altså i det følgjande sjå nærare på noko av det dette kan innebere for historiefaget knytt til visse teoretiske diskursar som har vore i fagmiljøet.

4.4 Nivå og perspektiv

Litteraturen om mikrohistorie har så langt eg har klart å orientere meg i størst grad drøfta *metodar*. I desse drøftingane har analysar på mikronivået altså i betydeleg grad vore sett som eit alternativ til «store forteljingar» – metanarrativ. Men også *sambandet* mellom nivåa har vore drøfta; i kva grad ein *kan* eller *bør* kople undersøkingar på mikronivå med dei store forteljingane og drøfte kor «representative» eller «relevante» dei er for dei «store» forteljingane.

Dette kan også knytast til omgrepet perspektiv – kva perspektiv (blikkpunkt, synsvinkel) ein legg til grunn for ei historisk framstilling. «Historie nedanfrå» og «fugleperspektiv» er slike generelle perspektiv, det same er tittelen på ei samling omsette artiklar frå det italienske mikrohistoriske tidsskriftet *Quarderni Storici: Microhistory & the Lost People of Europe* (1991). Også dei vel innarbeidde bindestreksnemningane innan historiefaget representerer særskilte perspektiv: kvinne- eller kjøn-, barne-, alderdommens, munnleg, miljø m.fl.⁸²

Ingar Kaldal har reflektert ein del kring dette spørsmålet. Han har t.d. rådd til at ein bør skrive norsk lokalhistorie frå eit «turistperspektiv», der ein grev djupt i «utvalde tema og aspekt ved livet

⁷⁶ Kaldal 2003: 102f. Innafor den spesifikt lokalhistoriske sjangeren i Noreg er dette truleg lettare å tileigne seg enn i det akademiske historiefaget; der arbeider ein t.d. med spor i terrenget, stadnamn, bygningar, fotografi o.l. som kjeldegrunnlag for forskjellige skriftlege framstillingar av lokalt avgrensa historiske tema. Men i kva grad lokalhistorikarar har prøvd å «lese» slike spor som «tekst» og tolka ulike meiningar inn i dei er eg meir usikker på.

⁷⁷ Kaldal 2003: 142.

⁷⁸ Peltonen 2004: 91ff.

⁷⁹ Egholm 2004: 19ff.

⁸⁰ Egholm smst: 19.

⁸¹ Bay 1999: 135f, jfr òg Slettan 1996: 105f.

⁸² Jfr tittelen på Burke 2001 (første utg. 1991). Denne boka inneheld ein gjennomgang av fleire av desse bindestreksdisiplinane. Jfr òg kommentaren frå Micahel Harbsmeier i pkt 5.1 nedafor.

i lokalsamfunnet». Slike djuptgravande prosjekt kan òg kaste nytt lys over det samfunnet temaet har funne stad i.⁸³

Dette kan seiast å henge saman med det han med tilvising til Hans Medick (1995) kallar å *desentrere blikket* og *historisere* språklege utsegner i kjeldematerialet.⁸⁴ Så langt eg kan forstå kan eit døme på bruk av desse omgrepa t.d. vere ei nemning som «arbeidsplikt» i ein husmanns-kontrakt eller ei forliksråds- eller underrettsak frå 1800-talet; ho må drøftast i lys av *kva aktørane på den aktuelle tida og den aktuelle staden* la i omgrepa «arbeid» og «plikt», ikkje kva ein i notida forstår med dei.⁸⁵

Iflg. Ingar Kaldal har Hans Medick knytt prinsippet om desentrering og historisering til den metoden som i sosialantropologien er kalla «thick description» (sjå neste punkt).

Edward Muir har elles påpeikt at for Carlo Ginzburg har målet ikkje vore å utforske dei historiske implikasjonane knytt til ein teori eller eit problem i *notida*, men å skrive om fenomen som både er gløynde og irrelevante i dag.⁸⁶ Iflg. Palle Ove Christiansen er dette einaste vegen Ginzburg ser til å kome unna historikarens notids etnosentrisme. Dette er eit sentralt poeng som iflg. Christiansen ikkje har vore følgt opp i fagdebatten.⁸⁷

4.5 «Thick description»; kompakt eller tett skildring av kulturfenomen

Dette er så langt eg forstår eigentleg ein *framgangsmåte* i analysen av det temaet ein mikrohistorikar kan ta for seg. Den vart utvikla av den amerikanske tolkande antropologen Clifford Geertz, som har definert kultur som ein «eigenspunne vev av betydningar» som må analyserast som «tekst» slik omgrepet er forstått innafør den språklege vendinga.⁸⁸ Geertz utvikla metoden knytt til feltarbeid på Bali, m.a. knytt til skildring av korleis hanekampar gjekk føre seg.

Palle Ove Christiansen påpeiker at metoden kan oppfattast som «en form for tekstnær empirisme anvendt på enkeltsager», men at den meir skal «forstås som en bevidst fremstilling af ofte små træk i flere lag af hermeneutisk analyserede betydninger, hvor både forskerens fortolkning, meddelerens eller beretterens opfattelse og folks egen tolkning bør præsenteres».⁸⁹

Hovudinnvendinga mot Geertz går på at han ikkje vil «generalisere mellom tilfeller, ikkje danne en teori ut over studieobjektet».⁹⁰

Erling Sandmo har påpeikt eit vitskapsteoretisk særtrekk ved måten Geertz fortel historie på: han plasserer seg sjølv i skildringa og klargjer kva perspektiv han ser kampane frå, samstundes som han «åpent tilkjennegir at han ikke ser 'alt' og at det ikke er mulig å snakke om noen overordnet, endelig sannhet om det han ser, fordi alle betraktere er som ham. 'Alt' finnes ikke.»⁹¹ Men det er kanskje i studiar på mikronivå ein kjem nærast «alt»?

4.6 Om representativitet og generalisering i mikrohistoria

Spørsmålet om i kva grad ei mikrohistorisk undersøking, t.d. Ginzburgs om møllaren på 1500-talet, er «representativ» har så langt eg forstår vore sentralt i kritikken mot fagområdet.

⁸³ Kaldal 2007, særleg 51f.

⁸⁴ Kaldal 1994: 39ff, Kaldal 2002a: 80ff og telefonsamtale 9.5.2008. Jfr òg Christiansen 2000: 202..

⁸⁵ M.a. i lys av at skiljet mellom arbeidstid og fritid høyrer 1900-talet til.

⁸⁶ Muir 1991: xii.

⁸⁷ Christiansen 2000: 176.

⁸⁸ Kaldal 2002a: 37, jfr s. 40. Sjå og Kaldal 1994: 40f om tilknyttinga til den tyske varianten av mikrohistoria.

⁸⁹ Christiansen 2000: 142. Kaldal 2002a s. 40 påpeiker likeeins at framgangsmåten kan forvekslas med «detaljert, grundig, nærgående og beskrivande», men at det er «meir fruktbart å la det handle om måtar å fortelje på som tilfører fleire lag av *tolkingar*».

⁹⁰ Kjeldstadli 1989: 53.

⁹¹ Sandmo 1999: 79f.

Omgrepet representativitet i historisk samanheng er likevel ikkje uproblematisk; det vart t.d. påpeikt i 1970 av den svenske statistisk orienterte historikaren Bernt Schiller. Enklast er det kanskje i høve statistikk, der omgrepet har ein presis definisjon kopla til utvalsmetodikk: eit utval er representativt viss kvart individ har hatt ein kjent sjanse til å komme med i utvalet.⁹² Allment blir omgrepet nytta synonymt med uttrykk som gyldig eller typisk. Kjeldstadli definerer omgrepet enkelt og greitt, det: «oppstår når vi vil slutte fra en del til den helheten denne inngår i, når vi vil generalisere fra enkelte opplysningar eller enkelte undersøkingar til større enheter».⁹³

Påstanden har altså vore at mikrohistoriske undersøkingar ikkje er representative, og motpåstandane frå mikrohistorikarar og andre er fleire: utrekna gjennomsnitt skjuler for mange avvikande utslag, som historia nettopp har høve til å vise fram. Ved å rekne ut gjennomsnitt blir motsetningar og mangfald utlikna til ei slags heilskapshistorie, som mikrohistorikarane meiner ikkje finst. Det er alle desse motsetningane og mangfaldet som er opphavet til den historiske dynamikken.⁹⁴ Dette sluttar Knut Kjeldstadli seg til: «statistisk gjennomsnitt er abstraksjoner. Ingen har 2,6 barn».⁹⁵

Egholm peiker òg på at objektet for mikrohistoria er kulturelle element og tyding av desse, noko som er enda meir problematisk å underkaste kvantitativ analyse.

Problematikken er eigentleg så langt eg forstår generell, og går på det prinsipielle skiljet mellom kvalitative og kvantitative metodar eller forskingsopplegg, slik dei er drøfta også i andre lærebøker enn Kjeldstadli 1999, t.d. Harald Grimen, som har nemninga *sosiologisk* representativitet: «Det er ikke statistisk representativitet som er poenget med slike studier. [...] Men selv om slike studier ikke kan oppnå statistisk representativitet, kan det hende de kan oppnå en annen type representativitet [...] *sosiologisk* representativitet». For at ei undersøking skal vere representativ på denne måten meiner Grimen at «vesentlige elementer må være *gjenkjennbare* for andre i same type situasjon».⁹⁶

Også Dagfinn Slettan spør om «*hvor vesentlig er representativitet og generalisering når det ikke dreier seg om å undersøke forekomsten av enkeltfenomener, men å trenge dypere inn i sammensatte prosesser? Slike er vanskelige å sammenligne, fordi enkeltdelene inngår i ulike kontekster og har da ulik betydning*». Han viser til den danske historisk orienterte sosiologen Bent Flyvebjerg, som hevder at ein: «ofte med fordel (kan) generalisere på grundlag af en enkelt case, og case-studiet kan udmærket bidrage til videnskabelig udvikling via generalisering som supplement eller alternativ til andre metoder. Men formel generalisering er overvurderet som kilde til videnskabelig udvikling, hvorimod 'det gode eksempels magt' er undervurderet.»⁹⁷

Det har òg vore peikt på at særleg dei italienske mikrohistorikarane er skeptiske til om større forteljingar i det heile tatt kan representere noko anna enn nettopp nåtidas førestillingar om emneområdet.⁹⁸

David Warren Sabeen innfører iflg. Hans Henrik Appel eit skarpt skilje mellom omgrepa generalisering og *komparasjon*, der målet med samanlikninga er å framheve det spesielle i eit område, for å få betre forståing av det lokale. Det gjeld ikkje for generaliseringar, som blir brukt om fleire tilhøve: a) om å finne det typiske, b) overføre ein særskilt lokal utvikling i eit større bilde eller c) å vurdere eit gitt fenomen i høve ein fast målestokk. Sabean argumenterer for at frekvens og spreing av eit fenomen ikkje kan setjast lik kva fenomenet *tyder*⁹⁹ – eit viktig poeng i spørsmålet om *tolking* av kjeldeinformasjon, og igjen noko som kanskje kan studerast best i mikroperspektiv.

⁹² Schiller 1970: 173.

⁹³ Kjeldstadli 1999: 239.

⁹⁴ Egholm 1999: 34.

⁹⁵ Kjeldstadli 1999: 242.

⁹⁶ Grimen 2004: 249.

⁹⁷ Slettan 1996: 96.

⁹⁸ Christiansen 2001: 119.

⁹⁹ Appel 1999: 38.

4.7 Det «normale unntaket»

Det må tilføyast at mange mikrohistorikarar i begge dei sentrale grupperingane har forsøkt å utvikle eit eige prinsipp for representativitet: *det «normale unntaket»* (sjå òg pkt 2.2 framafor). Det skal først ha vore lagt fram av Edoardo Grendi i 1977 og vidareutvikla av Ginzburg og Poni i 1979 (1991). Det er særleg i høve kjeldematerialet mikrohistorikarane nyttar dette omgrepet.

Det er utan tvil mange sider ved dei sosiale realitetane til dei lågare gruppene i samfunnet i fortida som ikkje avteiknar seg i dei vanlegaste kjeldene som er blitt tatt vare på i arkiv eller andre samanhengar. Eit verkeleg eksepsjonelt (og dermed statistisk ikkje-representativt) dokument kan derfor vere vesentleg meir avklarande enn hyllekilometer med «offisielle» kjelder. Ginzburg og Poni viser til Thomas Kuhn, som skal ha påpeikt at det er dei marginale tilfella som fører til at det blir stilt spørsmål ved eit eldre og dermed bidreg til å skape eit nytt, rikare og betre formulert paradigme. Dei marginale tilfella fungerer som leietrådar eller spor etter ein skjult verkelegheit, som ikkje avteiknar seg i det statistisk representative kjeldematerialet.¹⁰⁰

Ein kan iflg. Liv Egholm godt leite opp og velje kjeldene ut frå det høve dei har til å representere ein særskilt kultur eller diskurs, utan omsyn til statistisk representativitet.¹⁰¹ Ho nemner òg at omgrepet (det normale unntaket) utover 1990-talet vart utvida til også å grunngje nærstudiar av ikkje-representative kategoriar som ugifte mødrer ved førre hundreårsskifte, eksepsjonelle personar som ei lesbisk nonne, fysiske gjenstandar som gåver eller drikkehorn. Ein annan bruk av det statistiske unntaket er som grunngjeving for nærgranskinga av enkeltlandsbyar slik David Sabean og andre i den tyske og danske tradisjonen har gjort.

Ved bruk av berre statistiske metodar forsvinn det enkelte individet og dermed òg dei mange, ofte motstridande *relasjonane* dette individet har inngått i. Statistiske metodar har likevel vore nytta i mikrohistorie, men da for å etablere ein kontekst utanom enkelttilfellet som grunnlag for tolkinga.

Sølvi Sogner gir ei eksistensiell grunngjeving for å fråvike representativitetskravet: det er viktig for oss i dag å føle slektskap og harmoni med aktørane i historia, både små og store. Ho peiker òg på at det har vore hevda at det alltid å ha generalisering som mål kan medføre eit problem; det hindrar nytenking. Statistisk representativitet og / eller det «typiske» har som føresetnad nettopp at vi *veit* kva dette er, og at vi berre stadfester det om att utan å tenkje nytt. Med tilvising til David Sabeans landsbystudier i Tyskland tilrår ho studiar av relasjonar mellom menneske for om muleg å sjå korleis dei blir forma. Fakta i historia er partikulære, individuelle og ikkje noko som gjentek seg sjølv, men med eit lokalt, partikulært studieobjekt, t.d. eit mindre lokalsamfunn, bør det vere muleg å studere slike relasjonar.¹⁰²

4.8 Singularisasjon

Islendingen Sigurður Gylfi Magnússon har altså lagt fram ein teori om «singularisasjon» som eg her berre har plass til å referere det eg oppfattar som hovudmomentet i. Magnússon meiner å finne at konvensjonell sosialhistorie i all hovudsak byggjer på metaforteljingar og har kjenneteikna til makrohistoriske framstillingar, som trass i at dei i realiteten handlar om avgrensa område blir framstilte som «samanhengande» med brei basis eller trekt ut over lang tid. For å lage slike framstillingar må ein som forskar i sosialhistorie stole på metaforteljninga. Samspelet mellom metaforteljingar og det makrohistoriske perspektivet resulterer ofte i det Magnússon kalla «generell historie», som berre er ei oppsummering av ei spesiell historisk utvikling over lengre tid.¹⁰³

¹⁰⁰ Ginzburg og Poni 1979/1991: 8f.

¹⁰¹ Egholm 1999: 35f.

¹⁰² Sogner 1994: 27.

¹⁰³ Magnússon 2003: 226. Her definerer Magnússon metaforteljninga som ein samanhengande argumentasjon om ei langvarig sosial utvikling, der argumenta er så tett samanvevde at dei integrerer hendingar og fenomen inn i førehandsdefinerte «matrisar» for å få dei til å passe inn i ein spesiell sosial kontekst. Moderniseringsteori er eit døme han nemner (smst.).

Generell historie smuldrar ofte opp i ei mengd informasjon som tradisjonelle historikarane straks behandlar som sjølvsgagt og urørleg. Dei prøver så å presse si eiga forskning inn i desse rammene / denne konteksten. Viss dei ikkje klarer det, blir forskinga deira betrakta som mislykka og diskvalifisert for ein plass i den generelle historia.¹⁰⁴ Magnusson påstår dette har gjeve seg utslag i tilsettingspraksis ved akademiske institusjonar i USA.

Magnusson meiner at den vanlege lenka mellom undersøkjingsobjekta og metaforteljninga ikkje berre er uønskt, men beint fram farleg, fordi metaforteljninga monopoliserer forskarens merksemd. Kva er det i metaforteljninga som gjer dei uunngåelege? Er det verkeleg uråd å arbeide med små einingar på ein slik måte at dei gir oss større innsikt om fortida enn kva som er muleg med metaforteljningane? Svara utgjer basis for Magnussons singularisering av historia. Metoden er innoverretta og granskar alle aspekt i detalj og får fram alle nyansar i hendingane og fenomenane vi studerer. Ideen er at fokus skal heile tida vere på studieobjektet, og *berre* på det.

Dette er sjølvsgagt vanskeleg fordi forskaren har problem med å frigjere seg frå hovudlinene i utviklinga av kunnskap. Kvar mikrostudie bygger likevel på eit referanserammeverk av fagleg kontekst. Magnusson krev berre at metaforteljninga blir kontrollert i termar for og vilkåra til studieobjektet *sjølv* i staden for eit eller anna førehandsperspektiv. Singularisering er først og fremst leiting etter ein måte som historiefaget kan granske sine rette subjekt i deira rette logiske og kulturelle kontekst på. Slik kan historikaren frigjere seg frå den «menneskeskapte» ideologiske pakka med metaforteljningar.¹⁰⁵

Dette må reknast å vere eit nokså radikalt standpunkt, som står i klar kontrast til t.d. Peter Burke, som har påpeikt at viss mikrohistoria skal unngå loven om redusert utbytte («diminishing returns») må praktikarane ikkje gløyme å vise linjene og interaksjonen mellom det lokale / partikulære og det globale / makronivået.¹⁰⁶

4.9 Forsøk på oppsummering

I debatten kring mikrohistoria er det som nemnt «store forteljingar», lineær moderniseringsteori og etnosentrisk historieskriving som har vore framstilt som det som utøvarane av fagområdet finn uheldig og vil motarbeide.

Så langt eg kan sjå har ikkje dei historikarane som arbeider med dette fagfeltet utvikla nokon klart definert *ny* teori eller sett av teoriar som det er nokon form for konsensus om. I den grad teori-grunnlaget er *avvikande* frå historiedisiplinen elles, gjeld det kanskje først og fremst den «singulariserande» teorien til Magnusson (sjå førre punkt). Men ein av dei norske nestorane i faget, Ottar Dahl, har som vi har sett (pkt 4.2) likevel ikkje prinsipielle problem med å sjå på kollektive og individuelle analysenivå som komplementære. Eg vel å forstå Dahl slik at han kan godta at ei «singularisert» undersøking *kan* stå på eigne bein utan lenke til noka metaforteljing slik Magnusson meiner historiske undersøkingar bør gjere.

Hovudskiljet mellom historieskriving på høvesvis mikro- og eit generelt eller makrohistorisk nivå slik eg har avgrensa desse her ser for meg ut til å gå på i kva grad ein legg ein holistisk pretensjon *til grunn for* forskinga,¹⁰⁷ og korleis ein ser på representativitetsproblemet (sjå framafør). I kva grad dette er reelle forskjellar i teoristandpunkt er eg førebels usikker på.

¹⁰⁴ Magnusson 2003, smst.

¹⁰⁵ Magnusson 2003: 244f.

¹⁰⁶ Burke 2005: 43.

¹⁰⁷ Jfr Lunden 1979: 70.

5 Avslutning

5.1 Mikrohistorie og norsk lokalhistorie

Korleis kan ein så beskrive forholdet mellom den mikrohistoriske tilnærminga slik ho blir forstått internasjonalt og den akademisk meritterande varianten av norsk lokalhistorisk skrivning; som Lundens nemning i tittelen på dette arbeidet eller på annan måte?

Mange som skriv om mikrohistoria internasjonalt understrekar at ho ikkje er lokalhistorie.¹⁰⁸ Den i Noreg som har skriva mest om feltet, Ingar Kaldal, har så vidt eg kan sjå ikkje eksplisitt *samanlikna* fagområda. Men han har framheva at sjølv om lokale arenaer ofte er behandla mikrohistorisk, er «analysemetane, materialet og blikket» meir dekkjande for tilnærminga enn det lokale.¹⁰⁹ Det er eit standpunkt eg sluttar meg til; utan å ha granska norske lokalhistoriske framstillingar med «mikro-blikk» kan eg ikkje hugse å ha lese noko som ser ut til *bevisst* å ha prøvd denne tilnærminga på materialet.

Men eg trur vi har eit ikkje ubetydeleg *potensiale* for å ta i bruk tilnærminga i Noreg. Det er to grunnar til det. Viktigaste er den store mengda med empiri vi har lagra i form av lokalhistoriske undersøkingar utført dei siste nærare hundre åra i Noreg. Slike undersøkingar dekkjer store delar av landet, og mange av dei bygger på særskild grundig arbeid med kjeldene. Dermed kan det kanskje vere lettare her til lands å finne aktørar, tema og / eller kjelder som er eigna for behandling med mikrohistoriske metodar slik ein forstår det under denne tilnærminga.

Det er så langt eg forstår berre i særskild avgrensa grad ein kan «marknadsføre» norske lokalhistoriske framstillingar, om dei er akademisk meritterande eller ikkje, som mikrohistorie. Til det er truleg målet med slik skrivning for forskjellig. Lokalhistorie i Noreg har hatt sprikande mål, frå Edvard Bull d.e. som utvikla den s.k. «byggesteinsteorien» kring 1920¹¹⁰ til diverse meir eller mindre uttalte mål om lokal identitetsbygging¹¹¹ utan omsyn til større samfunnsendingar.

Mikrohistoria i dei to variantane eg har gjort greie for her har ingen slike mål. Antropologen Michael Harbsmeier meiner at «det i virkeligheden er nationalstaternes og den politiske historie, der burde skrives med bindestreg»¹¹² i innleiingsartikkelen til temanummeret om mikrohistorie i *Den jyske historiker*: «Mikrohistorie – et playdoyer».¹¹³ I same nummer går historikaren Steen Busck nærare inn på forholdet mellom lokalhistorie og mikrohistorie, og konkluderer med at «den lokalhistoriske undersøgelse er her i landet normalt af en ganske anden karakter enn den mikrohistoriske».¹¹⁴ Det er eit synspunkt eg trur òg er dekkjande for tilhøva i Noreg.

I høve den eine hovudretninga, den tysk- og antropologisk inspirerte mikrohistoria, er det likevel viktig å vere merksam på at ho har dei *sosiale* relasjonane som eit hovudtema, medan den særskild omfattande norske sjangeren gards- og ættesoge eller busetnadssoge i betydeleg grad har kartlagt dei *biologiske* relasjonane innafor lokalsamfunna. Men for å kunne analysere dei sosiale relasjonane i eit lokalsamfunn er det så langt eg kan forstå nødvendig å kjenne dei biologiske, kven som var i slekt med kven og korleis. I tillegg knyter busetnadssogene i prinsippet alltid individa og familiane til *bustadene* (gardsbruk eller plassar) som dei budde på. Desse bokverka har i tillegg ofte økonomisk informasjon som gjer det relativt enkelt å plassere bustadene og folk i sosialgrupper. Slik økonomisk informasjon om de enkelte bustadene er i alle høve relativt lett

¹⁰⁸ Harbsmeier 1999: 8. Busck 1999: 54ff.

¹⁰⁹ Kaldal 2002a: 84.

¹¹⁰ Som gjekk ut på at «vor almindelige historiske videnskab» hadde mykje å lære og var avhengig av «en videnskapelig underbygget bygdehistorisk forskning». Førelingar 1918–19, her etter Lars Reinton i *lokal historie i forskning og kulturarbeid gjennom 200 år*. Universitetsforlaget 1970: 51f.

¹¹¹ T.d. Sulasoga, som eg er prosjektleiar for. Den har hatt som uttalt mål å styrke identiteten til Sula kommune, som vart etablert som ny kommune i 1977 utan å ha vore det tidlegare.

¹¹² Harbsmeier 1999: 8, med referanse til s.k. bindestrekshistorie (kjønns-, barne-, munnleg og annan tematisk avgrensa historieskriving).

¹¹³ Harbsmeier 1999: 7. Det siste ordet er fransk og kan oversettast med «(brennande) forsvarstale».

¹¹⁴ Busck 1999: 60.

tilgjengeleg. Dermed har mange norske lokalsamfunn eit godt utgangspunkt for slike mikrohistoriestudier.

5.2 *Kvifor orientere seg i denne teoridebatten?*

Det norske historikarmiljøet ser ut til å vere godt nøgde med den statusen teori har i den allmenne fagdebatten. Emneregisteret til Historisk tidsskrift, som dekkjer alle nummer sidan starten i 1871, har ikkje «teori» som oppslagsord.¹¹⁵ Søk på «metode» gir 15 treff, og 8 av dei er frå ein debatt om sannheit i 1999–2005.

Den mikrohistoriske tilnærminga eg her har drøfta er altså knapt nok nytta i fagleg historieskriving i Noreg, korkje innafor den akademisk orienterte lokalhistoria eller på andre tema. Når uttrykket ein sjeldan gong er nytta her til lands, kan det sjå ut til at nemninga er blanda saman med, og brukt om, utvalsundersøkingar (case-studier) eller meir analytisk lokal- og regionalhistorie. Mikrohistorie forstått på denne måten kan nok med stor grad seiast å vere i samsvar med Lundens nemning i tittelen på dette arbeidet.

Men mikrohistorie i den tydinga som går fram av definisjonen i den Den Store Danske Encyklopædi referert i pkt 1 framafor bygger altså på eit klart forskjellige teorigrunnlag. Ho er knytt til visse sider ved den nye kulturhistoria og den språklege vendinga i historiefaget, sider som så langt eg kan forstå er blitt aksepterte som fagleg forsvarlege og tatt i bruk av relativt få norske historikarar. Men det ser for meg ut til at det pr i dag berre er Sølvi Sogner og Ingar Kaldal som har gjort bevisste forsøk på å skrive *mikrohistoriske* framstillingar i slik forstand. I den store mengda med empiriske lokalhistoriske arbeid som er gjort her til lands ligg det truleg eit potensiale til å utvikle slike studiar i eit ikkje ubetydeleg omfang.

¹¹⁵ Registeret ligg på: <http://www.rhd.uit.no/ht/HTHeimen.aspx> (oppslaget gjort 9.5.2008).

6 Referert litteratur

- Andersen, Håkon W. 1994: Mennesker, meninger og medlemmer. En skisse av nye muligheter for en kulturhistorie. Andersen, Håkon W. m.fl. (red.): *Clios tro tjener. festskrift til Per Fuglum*. Trondheim: 13–44.
- Appel, Hans Henrik 1999: *Tinget, magten og æren. Studier i sociale processer og magtrelasjoner i et jysk bondesamfunn i 1600-tallet*. Odense Universitetsforlag.
- Bay, Ole 1999: En verden af muligheder. – A. Ja. Gurevics udvikling som historiker i mikrohistoriens perspektiv. *Den jyske Historiker nr 85*: 132–148.
- Bull, Edvard 1970: Historisk vitenskap forna 1970-årene. Tale ved hundreårsjubileet for den norsk historiske forening 9. januar 1970. *Historisk tidsskrift* hefte 3: 245–259.
- Bull, Edvard 1972: Lokalhistorien i norsk kulturliv. Fladby, Rolf (red.): *Lokalhistoriske årbøker. Redaksjon. Typografi. Økonomi. Skrifter frå Norsk lokalhistorisk institutt nr 2*: 7–17.
- Burke, Peter 2001: Overture. The New History: Its Past and its Future. Burke, Peter (ed.): *New Perspectives on Historical Writing*. Polity Press: 1–24.
- Burke, Peter 2005: *History and Social Theory, 2. edition*. Polity Press.
- Busk, Steen 1999: Mikrohistorie og lokalhistorie. *Den jyske Historiker nr 85*: 47–61.
- Cerutti, Simona 2004: Microhistory: Social Relations versus Cultural models? I Castrén, Anna-Maija o.fl. (red.): *Between Sociology and History. Essays on Microhistory, Collective Action, and Nation-building*. Studia Historica 70, Helsinki.
- Christiansen, Palle Ove 2000: *Kulturhistorie som opposition. Træk af forskellige fagtraditioner*. Samleren, Viby.
- Christiansen, Palle Ove 2001: Forståelse af det anderledes. Om Carlo Ginzburg og mikrohistorie. (*Dansk*) *Historisk Tidsskrift* hefte 1: 113–145.
- Christiansen, Palle Ove 2004: *Landsbyliv. Afhandlinger om livsstil og sociale relationer i landbosamfundet frå 1700-tallet til i dag*. Landbohistorisk Selskab.
- Dahl, Ottar 1986: *Problemer i historiens teori*. Universitetsforlaget.
- Dahl, Ottar 1991: Teoristrid i norsk historievitenskap. Oppr. trykt i *Nytt Norsk Tidsskrift* nr 3, her etter Dahl, Ottar 2004: *Historie og teori. Artikler 1975–2001*. Unipub forlag.
- Egholm, Liv 1999: Mikrohistorie. *Den jyske Historiker nr 85*: 20–46.
- Egholm, Liv 2004: *Rejseberetninger som kulturelle tegn. En mikrohistorisk undersøgelse af mødets betydning i teori og praksis*. Ph.D. afhandling. Center for historie, IHKS. Syddansk Universitet.
- Fure, Odd-Bjørn 1984: Hverdagshistorie i tysk historieforskning. Problemer – perspektiver – potensiale. *Historisk tidsskrift* hefte 4: 349–383.
- Ginzburg, Carlo 1976 (1983): *Osten och maskarne. En 1500-talsmjölnares tankar om skapelsen*. Italiensk original 1976, svensk utgåve Stockholm 1983.
- Ginzburg, Carlo 1999 (1979): Spor. Indicieparadigmets rødder. *Spor. Om historie og historisk metode*. Museum Tusulanums forlag. Københavns Universitet: 78–110.
- Ginzburg og Poni i 1991 (1979): Ginzburg, Carlo and Carlo Poni 1991 (1979): The Name and the Game: Unequal Exchange and the Historiographic Marketplace. Muir, Edward and Guido Ruggiero (ed.): *Microhistory and the Lost Peoples of Europe*. The John Hopkins University Press, Baltimore and London: 1–10.
- Grimen, Harald 2004: *Samfunnsvitenskapelige tenkemåter*. 3. utgave. Universitetsforlaget.

- Harbsmeier, Michael 1999: Mikrohistorie – et plaidoyer. *Den jyske Historiker nr 85*: 7–19.
- Helle, Knut og Kari Blom 1997: *Historie – hva, hvordan, hvorfor? Fagdidaktisk innføring*. Fagbokforlaget.
- Hylland Eriksen, Thomas 2003: *hva er sosialantropologi*. Universitetsforlaget.
- Iggers, Georg G. 1997 / 2005: *Historiography in the Twentieth Century. From Scientific Objectivity to the Postmodern Challenge*. Wesleyan University Press. Første utgåve 1997, denne med ny epilog av forfatteren.
- Kaldal, Ingar 1994: *Alltagsgeschichte og mikrohistorie*. Nr 2 Skriftserie frå Historisk institutt, Universitetet i Trondheim (NTNU).
- Kaldal, Ingar 2002a: *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie*. Det Norske Samlaget.
- Kaldal, Ingar 2002b: Sosialhistorikaren i 'Nr. 13' – kulturhistorisk gjensnitt. Andersen, Håkon With mfl. (red.): *Historie, kritikk og politikk. Festskrift til Per Maurseth på 70-årsdagen 7. juni 2002*. Nr 27 i Skriftserie fra Historisk institutt. NTNU: 305–320.
- Kaldal, Ingar 2003: *Historisk forskning, forståing og forteljing*. Det Norske Samlaget.
- Kaldal, Ingar 2007: Ei meir historisk reflekterande lokalhistorie? Noen forslag til lokalhistorieskrivinga i framtida. Sprauten, Knut (red.): *Sted, tilhørighet og historisk forskning. Lokalhistoriens form og funksjon i det 21. århundre*. Oslo: 37–57.
- Kjeldstadli, Knut 1989: Historisk antropologi. *Historisk tidsskrift* hefte 1: 50–65.
- Kjeldstadli, Knut 1999: *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. 2. utgave. Universitetsforlaget.
- Knutsen, Paul 2002: *Analytisk narrasjon. En innføring i historiefagets vitenskapsfilosofi*. Fagbokforlaget.
- Langholm, Sivert 1974: Historie på individnivå. Omkring Ullensakerprosjektet – et mikrohistorisk eksperiment. *Historisk tidsskrift* 3: 243–272.
- Langholm, Sivert 1976: On the Scope of Micro-History. *Scandinavian Journal of History* 1: 3–24.
- Langholm, Sivert 1982: Lokalhistorie som strukturhistorie. «Ullensaker-undersøkelsen» og prosjektet «Norsk samfunnsutvikling». i Behre, Görean og Birgitta Odén (red.): *Historievitenskap och historiedidaktik*. Universitetsforlaget: 83–93.
- Langholm, Sivert 2000: Om kulturhistorie, sosialhistorie og hamskifter i historien. Eidsfeldt, Anne mfl. (red.): *Holmgang. Om førmoderne samfunn. Festskrift til Kåre Lunden*. Tid og Tanke 4. Skriftserie frå Historisk institutt, Universitetet i Oslo.
- Lunden, Kåre 1989: «Postmodernistisk» historie, eller systemhistorie?. *Historisk tidsskrift* hefte 1: 38–49.
- Magnusson, Sigurður Gylfi 2003: The Singularization of History. Social History and Microhistory within the Postmodern State of Knowledge. *Journal of Social History* 36: 701–735, her etter Burns, Robert M. 2006 (ed.): *Historiography. Critical Concepts in Historical Studies. Volume IV Culture*. Routledge, London and New York.
- Magnusson, Sigurður Gylfi 2006: Social History – Cultural History – Alltagsgeschichte – Microhistory: In-Between Methodologies and Conceptual Frameworks. *Journal of Microhistory*. <http://www.microhistory.org/pivot/entry.php?id=20> henta 09.06.2006.
- Medick, Hans 1995: «Missionaries in the rowboat?». Ethnological ways of knowing as a challenge to social history. Ludtke, Alf (ed.): *History of everyday life: Reconstruction Historical Experience and Ways of Life*. Ewing, Princeton University Press: 41–71 (revidert frå første versjon på tysk 1984).

- Muir, Edward 1991: Introduction: Observing Trifles. Muir, Edward and Guido Ruggiero (eds.): *Microhistory and the Lost Peoples of Europe*. The John Hopkins University Press, Baltimore and London.
- Myhre, Eivind 1996: I historiens hus er det mange rom. Noen hovedtrekk i norsk historieforskning 1970–1995. *Historisk tidsskrift* 1/2: 3–35.
- Popper, Karl 1952 / 1981: Vitenskap: gjetninger og gjendrivelsler. *Fornuft og rimelighet som tenkemåte*. Dreyer: 17–61.
- Sabean, David Warren 1984: *Power in the Blood: Popular Culture and Village Discourse in Early Modern Germany*. Cambridge University Press.
- Sabean, David Warren 1990: *Property, production, and family in Neckarhausen, 1700–1870*. Cambridge University Press.
- Sabean, David Warren 1998: *Kinship in Neckarhausen, 1700–1870*. Cambridge University Press.
- Sandmo, Erling 1999: *Voldssamfunnets undergang. Om disiplineringen av Norge på 1600-tallet*. Universitetsforlaget.
- Schiller, Bernt 1970: *Statistikk för historiker*. Stockholm.
- Sejersted, Francis 1989: Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene. Et oppgjør med den metodologiske individualisme. *Historisk tidsskrift* bd 68: 395–411.
- Sharpe, Jim 2001: History from Below. Burke, Peter (ed.): *New Perspectives on Historical Writing. Serton edition*. Polity Press, Cambridge, UK.
- Slettan, Dagfinn 1989: Utsiktspunkt 50 år etter Krokann. Perspektiver på 100 års hamskifte. Slettan, Dagfinn (red.): *Bondesamfunn i oppløsning? Trønderske bondesamfunn 1930–1980*. Lesja: 9–26.
- Slettan, Dagfinn 1996: Sosialhistorie etter 1970: «Fra sosialhistorie til kulturhistorie?» *Historisk tidsskrift* 1/2: 78–116..
- Sogner, Sølvi 1994: Mikrohistorie og menneskeskjebner. De gamle tingbøkene – en «ny» og spennende kilde. *Kirke og kultur* nr 1: 21–31.
- van Lottum, Jelle og Sølvi Sogner 2006: Magnus og Barbara. Mikrohistorie i Nordsjøregionen på 1600-tallet. *Historisk tidsskrift* hefte 3: 377–401.
- Terjesen, Einar 1985: Hverdagshistorie – debatt. *Historisk tidsskrift* hf. 3: 284–293.
- Terjesen, Einar 1986: Hverdagshistorie. Slettan, Dagfinn og Elsa Reiersen (red.): *Mentalitetshistorie. Muligheter og problemer*. Tapir: 141–149.
- Thing, Morten (red.) 1999: *Spor. Om historie og historisk metode*. Museum Tusulanums forlag. Københavns Universitet.
- Thing, Morten 1999: Spor og tegn. Introduktion til Carlo Ginzburgs forfatterskab. Thing, Morten (red.): *Spor. Om historie og historisk metode*. Museum Tusulanums forlag. Københavns Universitet: 7–23.